



Leiinga for den tradisjonelle vårdugnaden til båtlaget hadde all grunn til å vera fornøgd i ettermiddag. Det møtte 24 engasjerte til dugnaden tiltross for at det hadde duskregna heile dagen og ikkje ville slutta. I Uskedalen er det ikkje nokon som er redd for litt regn.



Det største enkeltprosjektet som vart gjennomført var reisinga av det store teltet på den støypte platingen, som

kravde felles innsats. No vil det ikkje lenger vera fåre for at ein vert blaut under ein visitt i båhamna, Ellers gjekk arbeidet med liv og lyst fram til klokka 20 og det held fram med ei fire timers økt laurdag. Den startar klokka 10.

Mellom anna vert det gjennomført feiing, høytrykkspyling, reparasjonar av treverk, reparasjon av røyr, hekktrimming og blomeplanting. Og sjølvstvert det også tid til ein kaffeskvett.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen